

Foto: Sara Johannessen / NTB scampix



Einige om klima

KINA

» USA sin president Barack Obama og Kina er einige om å sleppe ut mindre av klimagassar. Gassar som CO2 kan skade miljøet. Kina vil minske utsleppa frå 2030. USA vil kutte med 26 til 28 prosent frå nivået i 2005 innan 2025, skriv nyhendebyrået NTB.

Dette kan du gjere mot mobbing

● **I vår blei mobbinga for mykje for 13 år gamle Odin. Han tok livet sitt. Du kan gjere noko for å stanse mobbing.**

I vår tok 13 år gamle Odin livet sitt på grunn av mobbing. Det skriv avisa VG. 17.000 barn fortel at dei blir mobba to til tre gonger i månaden eller meir.

Er du forelder og barnet ditt blir mobba på skulen? Då må du snakke med skulen. Det seier Anders Cameron i Barneombudet til Klar Tale. Skulen skal skrive kva dei har tenkt å gjere for å stoppe mobbinga. Det er viktig at

foreldra får planen til skulen skriftleg. Då kan dei klage til Fylkesmannen dersom dei ikkje er fornøgde med det skulen gjer. Dei kan også klage dersom skulen ikkje vil lage eit slikt vedtak, seier Cameron.

Blir du mobba, er det viktig å vere ope om det og seie ifrå til ein vaksen, seier Benjamin Myrstad i Elevorganisasjonen. Elevane må også passe på kvarandre.
– Elevar kan hjelpe andre som ikkje har det like bra som dei sjølv. Ikkje bare stå og sjå på, seier han.

Cathrine Kahrs
cathrine@klartale.no

Obama sine motstandarar har fått meir makt i USA.

Les meir på side 3

Hjelp til Sør-Sudan

SØR-SUDAN

» Søndag kom dei fyrste sendingane med mat inn i Sør-Sudan. Det seier Dei sameinte nasjonane (SN). I juli blei Sudan, Sør-Sudan og SN einige om å sende mat til landet. Maten kan mette 45.000 menneske i éin måned. Det har vore borgarkrig i landet i 11 månader.

Skal kjempe mot ebola

HELSE

» 300 norske helsearbeidarar skal hjelpe dei som er sjuke av viruset ebola. Dei har meldt seg frivillig. Helsearbeidarane skal jobbe på eit britisk senter som tar imot ebola-pasientar i Sierra Leone. Tysdag fortalde Helse- og helsedirektoratet korleis Noreg skal hjelpe til.



Foto: NTB scanpix

EBOLA: Mange er sjuke med ebola i Sierra Leone. Noreg hjelper til.

Døydde av svolt

KRIMINALITET

» Ein ti år gammal gut blei funne død i heimen sin i Oslo. Det skjedde i august. Mora hans er gripen. Ho er sikta for ikkje å ha passa godt nok på guten, slik at han døydde. Guten døydde truleg av svolt, viser rapporten frå legane. Det meldar kanalen TV 2.

ORD I NYHENDA

UNDERSLAG

● Ei heimehjelp er sikta for underslag av 2,4 millionar kroner frå ein pasient. Det meldar kanalen NRK.

«Underslag» er å medvite lure pengar frå nokon ved å stele dei i løyndom.

Sikta skal ha overført pengar frå pasienten sin konto gjennom fleire år. Politiet i Sør-Trøndelag etterforskar saka.

Rasar truleg til våren

NATUR

» Fjellet «Mannen» i Møre og Romsdal vil fyrst rase til våren, trur ekspertar. Det skriv kanalen NRK. Overvaking viser at fjellet flytter seg saktare enn før. Folk som bur ved fjellet, får framleis ikkje flytte tilbake. Men toglinja Raumabanen under fjellet er opna igjen.



Foto: NTB scanpix

MANGEL: Altfor få vil bli lærar i Noreg. Om få år blir det stor mangel på lærarar.

Vil mangle 23.000 lærarar

SKULE

» I 2020 vil Noreg mangle 23.000 lærarar. Det viser tal frå Statistisk sentralbyrå (SSB). Færre tar utdanning for å bli lærarar enn før, skriv avisa VG. Kunnskapsminister Torbjørn Røe Isaksen meiner regjeringa, kommunane og skulane saman må vise at læreryrket er spennande.

Slit med å bli einige

POLITIKK

» Partia Høgre og Framstegspartiet (Frp) i regjeringa har forhandla i ei veke. Dei skal bli einige om eit statsbudsjett for 2015 med partia Venstre og Kristeleg Folkeparti (KrF).

Partia sine medlemmer i finanskomiteen har forhandla

hittil. Tysdag gav dei opp. Partia sine parlamentariske leiarar skal forhandle vidare. Venstre og KrF har skjerpt krava.

– Det er framleis avstand i pengar. Klima og fattigdom blant barn står øvst på lista vår. Det er store moglegheiter for semje. Det handlar om vilje, seier Trine Skei Grande

til nyhendebyrået NTB. Ho er leiar i Venstre. KrF kom med krava sine onsdag.

Partia starta samtalanene igjen onsdag. Resultatet var ikkje klart då Klart & kort blei laga.

Gøril Huse
goril@klartale.no

Foto: Jacquelyn Martin / AP / NTB scanpix

Kva no, USA?



MAKT: Ei kvinne går forbi kongress-bygninga i USA. Her jobbar politikarane i Representanthuset og Senatet. No har partiet Republikanarane fått makta i begge husa. Det gjer livet vanskeleg for president Obama.

● **Sist veke var det mellomval i USA. Partiet Republikanarane fekk meir makt. Vanlege amerikanarar vil ikkje merke særleg til det, seier ekspert.**

Førre veke var det mellomval i USA. Etter valet har partiet Republikanarane makta både i Representanthuset og i Senatet. USA sine lovar blir laga av Senatet og Representanthuset. Dermed blir det vanskelegare for president Barack Obama å få gjennom politikken sin. Han er frå partiet Demokratane.

Men USA-ekspert Helene Megaard trur ikkje den vanlege amerikanaren vil

merke så mykje forskjell etter valet.

Dei to partia er ueinige om mykje. Det gjeld særleg endringane til Obama i helsestellet, også kjend som «Obamacare». Avtalen sikra mange fattige amerikanarar helseforsikring.

Mange ekspertar trur no at Republikanarane vil prøve å endre Obamacare. Men det blir vanskeleg, trur Megaard. Obama kan leggje ned veto. Slik kan han stoppe forslaga frå Republikanarane.

Megaard seier det kan bli større endringar i politikken om miljø og klima. Obama har bestemt at det skal

kuttast i USA sine utslepp av klimagassen karbondioksid (CO₂).

– Republikanarane vil truleg prøve å sikre at USA kan sleppe ut like mykje CO₂ som før, seier Megaard.

Obama har blitt upopulær dei siste åra. Berre 40 prosent av amerikanarane synest han gjer ein god jobb. I 2016 er det presidentval i USA.

– Det kan godt vere at Demokratane igjen får presidenten. I tillegg kan dei vinne tilbake fleirtalet i Senatet, seier Megaard.

Hans J. Skjong
hans@klartale.no

” MITT ORD

Likar å følgje



Foto: NTB scanpix

Edvard Hoem, 65 år, forfattar. Ga i forrige veke ut romanen «Slottekar i himmelen».

– Kva er ditt favorittord?

– Ein forfattar har ikkje favorittord. Men skulle eg ta ut eit ord eg likar godt, ville det kanskje vera «følgje».

– Kvifor likar du dette ordet så godt?

– Det understrekar at vi menneske er saman om det meste. Men eg kunne også valt «einsemd». For det treng vi også av og til.

– Kva ord likar du ikkje?

– Eg mislikar ingen ord. Men eg avskyr konstruksjonen «i forhold til».

– Kva er eit typisk forfattar-ord?

– Eit typisk forfattarord er «skrive». – Skriv du no? spør vi kvarandre. Da tyder det ikkje at eg skriv akkurat no, men at eg for tida held på med ei bok.

– Kva ord brukar du for å skildre deg sjølv?

– «Lykkeleg».

Eldre enn forskarane trudde

ARKEOLOGI


» Byen Stavanger i Rogaland kan vere eldre enn det forskarane trudde. Arkeologar har nyleg funne spor av hus heilt tilbake til vikingtida. Dei fann også kokegropar. Dei kan vere så gamle som frå år 60, skriv avisa Stavanger Aftenblad.

Visste kva han gjorde

FILM

» Skodespelaren Robin Williams hadde ikkje alkohol eller narkotika i kroppen då han døydde. Det står i rapporten om dødsfallet. Williams tok sitt eige liv i august.

Foto: PostNord / NTB scanpix




FRIMERKE: Popduoen First Aid Kit er på svenske frimerke.

Pop på frimerke

MUSIKK

» Fem unge, svenske popartistar er på dei nye frimerka til Sverige. Det er Seinabo Sey, First Aid Kit-systrene Klara og Johanna og artisten Avicii. Robyn og produsenten Max Martin er også på kvart sitt frimerke. Det er det svenske Frimerkerådet som fastset kven som skal på frimerka.

Foto: SME / SF Norge AS



Stadig like dumme

» Endeleg er det klart for den andre filmen om tullingane Harry og Lloyd. Den fyrste filmen om dei to dumme venane kom for heile 20 år sidan. I oppfølgjaren «Dum og dummare To» drar Harry og Lloyd ut på reise. Dei leiter etter den ukjente dottera til Harry. Men reisa går ikkje helt som planlagt. Jim Carrey og Jeff Daniels spelar hovudrollene. Filmen har premiere fredag. Han passsar for dei som er over 11 år gamle.